



Eirik Bouwer Utne

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1022 - 14/4674

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
27.03.2014

## Høyring i samband med søknad om dispensasjon for bruksendring av naust til bustadføremål på gbnr. 49/15 i Meland kommune

Gjennom vedlagte skriv har Eva Halstensen og Jan Mittet søkt om dispensasjon for bruksendring av eit naust til bustadføremål på gbnr. 49/15 (lo) i Meland kommune, jf. brev innstempla 21.11.2014.

Eiendomen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF). Tiltakshavarane har dertil søkt om dispensasjon frå det generelle forbodet mot byggjetiltak som gjeld i LNF-områda i KPA. Vidare er det søkt om dispensasjon frå det generelle forbodet i Plan- og bygningloven (pbl.) 1-8 mot byggjetiltak i strandsona, ettersom eigedomen ligg innanfor 100-metersbeltet mot strandlina.

Saka har vore på høyring hos Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune, og det er innan fastsett frist for uttale ikkje motteke merknadar frå nokre av desse instansane. Det vert vist til vedlagte kopi av kommunen sitt høyringsbrev dagsett 26.2.2014.

I samband med kommuneadministrasjonen si førebuing av saka for det politiske utvalet for drift og utvikling (UDU) har administrasjonen registrert at både kommunen si kulturavdeling og Museumssenteret i Hordaland v/ avdelinga Kulturverntenesta i Nordhordland har bedt om høve til uttale innan saka vært teke opp til handsaming i UDU.

På bakgrunn av ovannemnde vert dispensasjonssøknaden med dette oversendt kommunen si kulturavdeling og Museumssenteret i Hordaland for eventuell uttale, jf. vedlagte dispensasjonssøknad og høyringsbrev. Det vert vidare vist til pbl. §§ 19-1 og 19-2.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Grunna allereie lang sakshandsamingstid vert frist for uttale sett til 16.4.2014, idet administrasjonen i førebels svar til tiltakshavar har opplyst at saka truleg vert lagt fram for UDU for avgjerd i utvalet sitt møte 6.5.2014.

Ved spørsmål kan underteikna sakshandsamar kontaktast på tlf. 56 17 10 90.

Med venleg helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Høyringsbrev  
Dispensasjon

**Kopi til:**

Jan Mittet

levegen 186

5917

ROSSLAND

**Mottakere:**

Eirik Bouwer Utne  
Museumssenteret i Hordaland

Avdeling 5107  
Kulturverntenesta  
i Nordhordland

SALHUS